

Noregs miljø- og  
biovitenskaplege  
universitet

# Årsrapport 2021-2022





## Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet

### Innhald

Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet.....	1
I. Melding frå styret .....	2
II. Introduksjon til verksemda og hovudtal .....	6
III. Aktivitetar og resultat .....	9
Sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning.....	9
Sektormål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling .....	22
Sektormål 3: God tilgang til utdanning .....	26
Sektormål 4: Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem .....	29
Anna rapportering: .....	32
IV. Styring og kontroll i verksemda.....	34
V. Vurdering av framtidssikter.....	38
Vedlegg: Utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet – oversikt over tiltak og kvar dei er omtala i årsrapporten.....	43
VI. Årsrekneskap .....	44
Riksrevisjonen sin rapport.....	80

## I. Melding frå styret

NMBU har eit fagleg mangfald som er skreddarsydd for å bidra til dei 17 berekraftsmåla for verda, slik dei er formulerte av FN. Løysingane på utfordringane desse måla omhandlar, vil vi i stor grad finne innanfor, og ikkje minst i skjeringsflatene mellom, fagområda våre. Veterinærhøgskolen og Veterinærinstituttet flytta i 2021 endeleg inn i dei nye bygningane på campus Ås. Denne flyttinga styrkjer NMBU sin unike syntese av miljø, biovitenskap, veterinærmedisin, teknologi, arealplanlegging og økonomi ytterlegare, noko som gjev NMBU spesielt gode føresetnader for å bidra med ny kunnskap og nye løysingar.



*Frå opninga av dei nye veterinærbygningane (Foto: Jens Emil Asp)*

### *Berekraft ved NMBU 2021*

I den overordna strategiske satsinga «Felles innsats for ei berekraftig framtid» er det tydeleggjort at alle ledd i universitetet si verksemd skal ha eit berekraftsfokus og jobbe saman og tverrfagleg for å oppnå dette. NMBU sitt største og viktigaste bidrag til ei berekraftig utvikling er det som skjer gjennom forskning, utdanning, innovasjon og formidling. I tråd med NMBU si vidare satsing på berekraft er det frå 1.1.2022 oppretta ein ny funksjon som viserektor berekraft.

Svært mykje av forskinga ved NMBU er godt forankra i den overordna satsinga, og mykje av denne forskinga blir formidla på NMBU sine nettsider, blant anna gjennom ein ny artikkelserie om berekraft <https://www.nmbu.no/historier>. I 2021 fornya vi også

det strategiske programmet FFUI (Framifrå Forsking, Utdanning og Innovasjon) til FFUI Berekraft. I dette programmet ble det lyst ut støtte til å opprette fem berekraftsarenaer; fireårige tverrfaglege satsingar med fokus på komplekse berekraftsutfordringar. Dei fem tildelte arenaene som starta opp hausten 2021, har tematikk innanfor grønne byar, berekraftige byar, løysing på plastutfordringane, naturen si tolegrense, smart landbruk og innovasjonar. (<https://www.nmbu.no/aktuelt/node/42686>). Berekraftsarenaene vil også vere med på å styrkje kompetanseutvikling og tverrfaglegheit i ei rekkje av fagmiljøa våre.

FFUI Berekraft si satsing på forskartalent vert også vidareført (<https://www.nmbu.no/aktuelt/node/42454>). «Forskartalent for berekraft» er eit toårig program for 21 vitenskapelig tilsette ved NMBU. Føremålet med programmet er å gi vitenskapelig tilsette større moglegheiter til å utvikle seg som forskarar, rettleiarar og innovatørar inn mot det grønne skiftet.

NMBU sin strategi er også implementert i kvalitetssystemet for studium, og det er sagt at når det blir oppretta nye studieprogram, må det tydeleggjerast korleis dei byggjer opp om dei strategiske satsingane. Dette har resultert i oppstart av to nye masterprogram i 2021, begge med tydeleg kopling til berekraft: Master i urbant landbruk og Master i bioøkonomi. Begge programma er dessutan sterkt tverrfaglege ved at dei rekrutterer studentar frå ei rekkje bachelorprogram ved NMBU, i tillegg til å ta inn studentar på høgare årstrinn med variert, men relevant bakgrunn.

Som universitet arbeider NMBU for å ha ei berekraftig drift, og klima og miljø er viktige element i campusutviklinga. I 2021 ble NMBU sin miljøhandlingsplan for 2021-2026 vedteken. Planen inneheld tydelege mål og tiltak innanfor fem område: 1) sirkulær økonomi, 2) bygg, klima og energi, 3) miljøvennleg transport, 4) uteareal og 5) involvering, kommunikasjon og dokumentasjon (<https://www.nmbu.no/om/miljoarbeidet/milj-handlingsplan>). Ein kan lese meir om arbeidet til miljørådet og NMBU sine miljøtiltak her: <https://www.nmbu.no/om/miljoarbeidet>



### *Samla resultat, måloppnåing og ressursbruk ved NMBU*

Resultata for 2021 viser at NMBU har konsolidert stillinga si på dei fleste områda. NMBU har gode resultat på fleire indikatorar som bl.a. annet studiekvalitet, omsetning i andre bidrags- og oppdragsprosjekt og publiseringar. Det er svært gledeleg at gjennomføringa både på bachelor og master har auka frå 2020 til 2021. NMBU tok i bruk dei nye lokala i Veterinærbygningen frå april, då eit geografisk samla universitetet var eit faktum. Veterinærutdanninga blei gjennomført i moderne lokale frå mai og ut året, med dei restriksjonane som til ei kvar tid gjaldt. Sjølv med ein ganske lukka campus har studentar frå ulike fagmiljø samla seg for læring i den nye Bikuben (kantinebygget, med grupperom og auditorium), i Biblioteket og læringscenteret i hovudbygningen.

### *Tilhøve som har verka inn på oppnådde resultat*

Flyttinga av Veterinærhøgskolen NMBU kravde også i 2021 stor deltaking frå mange av våre tilsette, og NMBU har vurdert risikoen for at dette kan virke negativt inn på kjerneverksemda. Det er særleg Veterinærhøgskolen og universitetsadministrasjonen, ved IT- og Eiendoms avdelingane som i ein lengre periode har brukt store ressursar på dette. Statsbygg har hatt stor nytte av NMBU si aktive deltaking også i denne fasen av arbeidet.

I tillegg har koronapandemien også i 2021 hatt store konsekvensar på heile verksemda. Styret har vore - og er uroa - over konsekvensane av pandemien og vil ha særleg merksemd på dette framover.

### *Styret sitt arbeid i 2021*

Samlokaliserings- og flyttestyret har også i 2021 prega arbeid i styre og dette prosjektet vil også bli følgt opp ei tid framover både når det gjeld å sikre ferdigstillinga av bygningane og infrastruktur. Styret gjennomførte seks ordinære og fire ekstraordinære styremøte, bl.a. knytt til tilsetjing av dekanar og ny rektor. Rektor, Curt Rice, starta i stillinga 1. august 2021.

NMBU fekk nytt styre frå 1. august 2021 og arbeidet i det nye styret er godt i gang.

### *De viktigaste prioriteringane i 2022*

Arbeid med den nye strategien som skal gjelde frå 2023, står sentralt i styret sitt arbeid i 2022. Strategien skal løfte fram NMBU sin posisjon som Noregs berekraftsuniversitet ytterlegare, slik at NMBU i ennå større grad kan bidra til å styrke Noreg sitt arbeid med realisering av FN sine berekraftsmål. NMBU står sterkt som forskingsinstitusjon i dag, og dette vil vidareutviklast i 2022 gjennom sterke resultat frå Norges forskningsråd og Horizon Europa, og også gjennom rekrutteringar av framifrå kollegaer.

I 2022 skal vi også satse på utdanningsprogramma våre, ikkje minst gjennom arbeid på tvers av studieprogram og fakultet som gir den tverrfaglege tilnærminga som er nødvendig for å løyse dei store utfordringane i samfunnet. Rekruttering av nye studentar står også i fokus, og NMBU har ambisjonar om å trekke til seg dei sterkaste elevane frå vidaregåande skolar til studieprogramma våre.

I 2022 skal vi gjera ferdig ein mogelegheitsstudie for utvikling av campus Øst, som kan bli eit kraftsenter for innovasjon og tverrfaglegheit og som kan skape arenaer for betre

samarbeid med næringslivet. Også 2022 vil vera prega av flyttinga av Veterinærhøgskolen og vi vil prioritere arbeidet med integreringa og arbeide for ytterlegare utvikling av dei moglegheitene som samlokaliseringa gir.

Gjennom desse prioriteringane og meir, kjem 2022 til å vera eit år der NMBU vil jobbe med kvalitetsheving av utdanning, forskning og innovasjon gjennom samarbeid og rekruttering og der vi vil arbeide ennå meir målretta med å bidra til Noregs viktigaste utviklingsarbeid.



Universitetsstyret samla i veterinærbygningen 1. desember 2021

Ås,

9. mars 2022

Hanne Refsholt  
Hanne Refsholt  
styreleiar

Per Holten-Andersen

Tone Ik Dahl

Stein Eggen

Birger Svihus

Eivind Norum

Siri Ellen Hallstrøm  
Eriksen

Vincent Eijsink

Martin Paliocha

Astrid Randem Lunde

Eivind Bækken Toft

5

(vara)

## II. Introduksjon til verksemda og hovudtal

I 2018 vedtok styret ved NMBU ein [strategi for åra 2019–2023](#). «Felles innsats for ei berekraftig framtid» er NMBU si overordna satsing. Satsinga uttrykkjer at vi har eit sterkt ønske om, og stor tru på, at vi skal vere ein viktig aktør i arbeidet med å sikre livsgrunnlaget for framtida. Det gjer vi gjennom framifrå forskning, utdanning, formidling og innovasjon.

NMBU sin visjon er **Kunnskap for livet**.

### *NMBU sitt samfunnsoppdrag*

Samfunnsoppdraget gjev oss ein særprega profil og ei særleg rolle i norsk og internasjonal universitetssamanheng.

### *NMBU skal*

- vere ein konstruktiv, framtidsretta og kritisk utdannings- og forskingsinstitusjon som samarbeider med universitet og forskingsinstitusjonar over heile verda for å utvikle ny kunnskap
- utdanne kandidatar som er kompetente og reflekterte, som har internasjonalt perspektiv, og som blir attraktive deltakarar i det nasjonale og internasjonale samfunnet
- ha ansvaret for forskning på høgt internasjonalt nivå, og på utvalde område ha forskargrupper som er blant dei leiande i verda

### *NMBU har særlege føresetnader fordi*


- forskingsinstitusjonane og universitetet på campus utgjer eit internasjonalt konkurransedyktig forskings- og utdanningsmiljø innanfor miljø- og biovitskapane, då desse forskingsmiljøa skaper ny fagleg synergi og nye tverrfaglege tilnæringsmåtar
- studentane deltek i eit kreativt lærings- og studiemiljø med lange tradisjonar
- vi har eit internasjonalt universitet med studentar og tilsette frå nærmare 100 ulike nasjonar og ein lang tradisjon for internasjonalt samarbeid

### *NMBU har eit særleg ansvar for*

- forskning som kan møte dei store globale spørsmåla om miljø, berekraftig utvikling, betre folke- og dyrehelse, klimautfordringar, fornybare energikjelder, matproduksjon «frå jord og fjord til bord» og areal- og ressursforvaltning
- utdanning av kandidatar i miljø- og biovitskapane, veterinærmedisin og nye tverrfaglege utdanningstilbod som vil gje samfunnet nye moglegheiter til å skape ei berekraftig utvikling til beste for dagens og komande generasjonar
- innovasjon og verdiskaping, kunnskapsformidling og deltaking i den globale innsatsen for ei berekraftig utvikling på område der NMBU er leiande



## NMBU sitt organisasjonskart



## Universitetsleiinga



Curt Rice  
rektor



Elise Norberg  
prorektor for utdanning



Finn-Arne Weltzien  
prorektor for forskning og innovasjon



Astrid Tonette Sinnes  
viserektor for berekraft



Lars Atle Holm  
administrasjonsdirektør



Anne Storset  
dekan VET



Kari Kolstad  
dekan BIOVIT



Sigrid Gåseidnes  
dekan KBM



Casper Claudi Rasmussen  
dekan HH



Hans Fredrik Hoen  
dekan MINA



Anne Cathrine Gjærde  
dekan REALTEK



Eva Falleth  
dekan LANDSAM



Ina Maria Finnerud  
studentleiar

## Nøkkeltal og fakta

### Nøkkeltal om økonomi

Beløp i tusen kroner	2021	2020
<b>TOTALT</b>	<b>2 483 543</b>	<b>1 961 267</b>
-inntekter frå løyvingar/stat	1 875 045	1 390 344
-eksterne inntekter	482 570	449 178
-sals-/leigeinntekter	111 781	93 066
-andre driftsinntekter	14 147	28 679

NMBU har

- rundt 1900 tilsette fordelt på campus Ås og Sandnes
- sju fakultet
- dyresjuehus
- Senter for husdyrforsøk (SHF), Senter for klimaregulert planteforskning (SKP) og Senter for etter- og vidareutdanning (SEVU)

### Nøkkeltal om studia ved NMBU

- 6 400 studentar, 1295 kandidatar
- 64 studieprogram

### Nøkkeltal om forskinga ved NMBU

- 893 vitenskaplege årsverk
- 497 doktorgradsstudentar
- om lag 85–90 doktorgradar årleg
- om lag 1000 vitenskaplege publikasjonar årleg

### III. Aktivitetar og resultat

#### Sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

<b>Høg kvalitet i utdanning og forskning</b>				
NMBU sine eigendefinerte styringsparametrar i kursiv				
	Resultat 2020	Resultat 2021	Mål 2021	Mål 2022
Bachelorkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid (DBH)	47,5 %	50,7 %	45 %	50 %
Mastergradskandidatar som gjennomfører på normert tid	60,8 %	63,5 %	60 %	60 %
Ph.d. -kandidatar som gjennomfører innan seks år	75,7 %	69,8 %	80 %	80 %
Skår på korleis studentane oppfatar studiekvaliteten (Studiebarometeret)	4,3	4,2	4,3	4,3
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar	37,4	38	38	38
Publikasjonspoeng per fagleg årsverk	1,24	1,24 per 5. januar	1,4	1,4
Verdien av Horisont Europa-kontraktar per FoU-årsverk*	80 000	54 000	60 000	62 000
Utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet studentar (DBH)**	1,5 %	0,7 %	1,5 %	2 %
<i>Gjennomførte periodiske programevalueringar</i>	<i>17</i>	<i>1</i>	<i>7</i>	<i>5</i>

#### *Rapportering og vurdering av resultatata på nasjonale- og eigne styringsparametrar:*

##### **Gjennomføring og progresjon**

I 2021 fullførte 1295 kandidatar (bachelor-, master- og profesjonsstudia) ein grad ved NMBU, og 50,7 % av bachelorstudentane og 63,5 % av studentane på toårige masterstudium gjennomførte på normert tid. NMBU har over fleire år arbeidd systematisk med tiltak for å utvikle studieprogramma, med spesielt stor merksemd retta mot tiltak som gjeld gjennomføring av bachelorprogramma. Det er difor gledeleg at den markerte auken i prosentdelen som gjennomfører bachelorstudia på normert tid frå 2019 til 2020 held seg, ikkje minst sett i lys av dei utfordringane pandemien har ført med seg. Gjennomføring på normert tid for bachelorkandidatar er no nesten på nivå med snittet i sektoren, som i 2021 var på 53,5 %. NMBU har frå 2022 auka måлтаlet til 50 %.

Gjennomføringa på masternivå har også auka frå 2020 og måлтаlet for 2021 er nådd. NMBU ligg framleis godt over gjennomsnittet for sektoren. Dette er svært gledeleg ikkje minst sett i høve til dei utfordringane pandemien har hatt for mange av studentane.

Etter ein svak nedgang i gjennomføringa på femårig master og profesjonsstudiet i veterinærmedisin i 2020 har begge hatt ein oppgang i 2021.

Trass ein liten nedgang (frå 4,3 i 2020 til 4,2 i 2021) viser Studiebarometeret at NMBU-studentane, også under koronapandemien med andre rammer for undervisning og eksamen, framleis er godt tilfredse med utdanningane våre. NMBU vil også framover arbeide for å auke gjennomføringa og fokusere på tiltak som sikrar gode psykososiale læringsmiljø og fagleg tilknytning.

NOKUT gjennomførte i 2021 Undervisarundersøkinga. NMBU vil analysere og bruke resultatane i det vidare utviklingsarbeidet. Dei siste åra er det gjennomført fleire tiltak, bl.a. er Uniped vidareutvikla og det er gjennomført mange små opplærings-webinar og utvikla nettressursar o.a. Undersøkinga viser at NMBU bør fortsetje å styrkje kompetansetilbodet for undervisarane. NMBU kan også leggje til rette for meir kollegarettleing og organisert deling av kunnskap og erfaringar, i tillegg til å sjå på korleis ein organiserer ansvaret for emna.



*Frå ein av dei nye læresalane i Veterinærbygningen*

Sjølv om Studiebarometeret 2021 viser at NMBU skårar høgare på rettleing og tilbakemelding enn snittet for sektoren, viser undersøkinga at NMBU har eit uforløyst potensial for å bruke studentane meir aktivt i tilbakemelding til andre studentar, noko som er i tråd med NMBU sin læringsfilosofi. Studiebarometeret viser at studentane er blitt meir tilfredse med medstudentane si evne til å gi konstruktive tilbakemeldingar, men det er ein nedgang i kor tilfredse dei er med talet på tilbakemeldingar frå undervisarane.

I 2020 vart det gjennomført ei studiestartundersøking for å sjå på intensjonen og motivasjonen til dei nye studentane ved studiestart. Målgruppa var nye norskspråklege bachelor- og profesjonsstudentar. Undersøkinga i 2020 innhenta tverrsnittsdata og viser bl.a. at 81 % av respondentane venta å fullføre studieprogrammet dei hadde starta på. Undersøkinga er vidareutvikla i 2021 og skal gjennomførast våren 2022. Ho omfattar no alle nye programstudentar, inklusiv engelskspråklege utvekslingsstudentar. Undersøkinga er dessutan utvida til å omfatte langsgåande registerdata. Målet med vidareutviklinga er blant anna å få meir kunnskap om kva for variablar som tidleg i studieløpet kan predikere studiegjennomføring og akademisk produksjon.

NMBU-studentane opplyser at dei brukar 38 timar i veka på studia (eigenstudium og organiserte læringsaktivitetar). Dette er ein oppgang frå åra før, og NMBU ligg framleis godt over snittet blant universiteta.

Gjennomføringsgraden for ph.d.-kandidatane varierer frå år til år, og for kandidatane som blei tekne opp i 2015 var gjennomføringsgraden på 67,92 %. Det har vore to år med nedgang frå toppåret 2019, då 81 % av kullet som ble teke opp i 2013 hadde fullført ph.d.-graden innan utgangen av 2019. Både i 2020 og 2021 opplevde mange av kandidatane å bli forsinka i arbeidet sitt. Pandemien førte bl.a. til at mange fekk utsett eller avlyst feltarbeid i inn- og utland. Det var også utfordringar ved gjennomføring av laboratoriearbeid og planlagde utanlandsreiser og opphald. Det ble mindre fagleg og sosial kontakt med fagmiljø og nettverk. I tillegg førte stengte skolar og barnehagar til utfordringar for mange av ph.d. kandidatane. I 2020 fekk dei fleste ph.d.-kandidatane forlenga prosjekta sine på inntil 2 månader. I 2021 har fakulteta sjølv handtert og gitt forlengingar.

NMBU starta i 2020 eit arbeid med å setje rammene for innføring av ei mentorordning for nye studentar ved NMBU, og dei ekstra midlane som Kunnskapsdepartementet tildelte til faglege og sosiale tiltak for studentar våren 2021 på grunn av pandemien, bidrog til å styrkje dette arbeidet. NMBU og SiÅs fekk til saman i overkant av 4,6 mill. kroner. Ekstramidlane på kr 3 144 000 som NMBU fekk tildelt for å løne studentar for å gi fagleg oppfølging til andre studentar, er brukte på ulike tiltak. Om lag ¾ av midlane blei tildelte til fakulteta for at dei skulle tilsetje fleire studentassistentar/hjelpelærarar i studieprogramma. I tillegg jobba studentvertar med å gi studentar som blei tekne opp hausten 2020, og som difor ikkje hadde fått ein ordinær studiestart, ein god start på våren 2021. Dei fekk til dømes hjelp med kollokviegrupper, bruk av digitale læringsplattformer og strukturering av kvardagen. Andre studentvertar drifta ein digital lesesal utvikla av læringsssenteret, skrivesenteret og biblioteket, medan to stykke først og fremst fungerte som koordinatorar for eit spesialpensum-emne. Fakulteta har rapportert at ordninga med fleire studentassistentar/hjelpelærarar verka godt og gav eit positivt bidrag til læring. Det var særleg utfordrande å skape god oppslutning rundt digitale tiltak. Erfaringane frå dei ulike ordningane er nyttige og vil bli tekne med i den vidare utviklinga av ei permanent mentorordning.

### Kvalitet i studieprogramma

Til liks med 2020 var 2021 eit svært spesielt år for både studentar og tilsette ved universitetet. Pandemien prega undervisninga på mange vis. Storparten av

undervisninga, og nær alle eksamenane, vart gjennomførte på digitale flater våren 2021, medan ein større del vart gjennomførte fysisk på hausten då det var mogleg. Dette har vore utfordrande for alle, både for dei som skulle leggje til rette for læring og vurdering, og for dei som skulle lære.



Rapporteringa frå fakulteta viser at programma held god kvalitet, og at det vert arbeid godt med å utvikle studiekvaliteten. Større merksemd på utdanningsleiing, velfungerande programråd og studieutval har over tid gitt eit stort løft for kvalitetsarbeidet i programma. Det vert arbeid systematisk med å auke vektlegginga av berekraft, tverrfaglegheit og bruk av digitalisering i utdanninga.

Koronapandemien har verka inn på heile verksemda. Sjølv om det er lagt ned eit omfattande arbeid for å leggje til rette for best mogleg studiekvalitet, læringsutbytte og studenttrivsel, melder studentane at pandemien har hatt ein negativ verknad på trivselen og den psykiske helsa deira. Ei ekstraordinær Studenthelse- og trivselsundersøking (SHoT) frå våren 2021 viser at sjølv om NMBU-studentane framleis trivst betre enn det nasjonale snittet, så ser vi ein nedgang i trivselen med det sosiale og faglege miljøet mellom studentane. Studentane føler i aukande grad på einsemd og saknar det sosiale studiemiljøet samanlikna med før pandemien. På landsbasis er resultatata frå SHoT-undersøkinga urovekkjande når det gjeld tilbakemeldinga frå studentane om psykiske plager, og dette gjeld også for NMBU. Etterspurnaden etter helsetenester har auka. Oppfølging av handlingsplanen for universell utforming og styrking av læringsmiljøet ved NMBU 2021–2026 står sentralt i arbeidet med å styrkje det psykososiale læringsmiljøet til studentane. Oppfølging av det psykiske læringsmiljøet er eit eige fokusområde i planen. Eventuelle konsekvensar av pandemien vil bli følgde opp fortløpande.

NMBU arbeider med mange tiltak for å utdanne kandidatar som er rusta for å handtere dei komplekse utfordringane samfunnet står overfor når det gjeld å sikre berekraftig utvikling. Fakulteta rapporterer om ei rekkje tiltak for å gi studentane berekraftskompetanse og tverrfagleg kompetanse, både på emnenivå og i utviklinga av tverrfaglege studieprogram der fleire fakultet er involverte. Berekraftperspektivet er løfta inn i mange emne, inkludert i fleire introduksjonsemne. Det vert gjennomført ei rekkje tiltak for å gjere programma relevante for samfunns- og arbeidslivet, blant anna arbeidslivsorienterte spesialiseringar, fokus på entreprenørskap, digitaliseringsrelevante emne, emne som spesifikt rettar seg mot problemstillingar knytte til berekraft og klima, tverrfaglegheit og nye teknologiar. Prosjektet «Tverrfagleg samarbeidskompetanse i undervisninga» arbeider med eit pedagogisk rammeverk for emne på ulike nivå. Ein greier ut løysingar for organisering, finansiering og gjennomføring av ordninga, så vel som opplæringsbehovet hos undervisarane. Også i 2021 var tverrfaglegheit og berekraft sentrale tema i styringsdialogane med fakulteta.

Over tid har fakulteta og læringsmiljøutvalet uttrykt uro for undervisningsareala og infrastrukturen. Utviklinga i studenttal og nye studieprogram, i kombinasjon med utviklinga i fysiske og digitale undervisningsformer, utfordrar universitetet sin infrastruktur og kapasitet i form av areal og rom. Gjennom campusplanarbeidet jobbar NMBU med å finne gode og heilskaplege løysingar på desse utfordringane.

Som ein del av arbeidet med transformasjonen av utdanninga har NMBU i 2019–2021 greidd ut potensialet i den noverande og alternative semesterstrukturmodellar. I tillegg til å undersøkje om dette kunne bidra til betre utnytting av undervisningsinfrastrukturen (inkludert det nye veterinærbygget), var nokre av måla å sjå om det kunne bidra til å gi meir rom for tverrfagleg samarbeid, arbeid med berekraft, innovasjon, variasjon og fleksibilitet i emne-/programdesign, læringsaktivitetar og vurderingsformer. Av faglege årsaker blei det bestemt at NMBU skal behalde den noverande semesterstrukturen.

Veterinærhøgskolen kunne omsider starte flytteprosessen utover våren 2021, og utdanningane starta for fullt på Ås i august 2021. Dette har vore ein milepåle, og det nye veterinærbygget har gitt NMBU nye, flotte undervisningslaboratorium, auditorium, læresalar og grupperom, samt dyrehospital. Studiebarometeret viser ein markant auke frå 3,1 i 2019 til 4,1<sup>1</sup> i 2021 i kor tilfredse studentane på Veterinærhøgskolen er med det fysiske læringsmiljøet og infrastrukturen. Det har vore ei krevjande tid for Veterinærhøgskolen med flytting og ny studieplan for veterinærstudiet, i tillegg til at VET-bygget enno ikkje er heilt ferdig. Det er framleis ein del forhold som ikkje er ferdig, og NMBU samarbeider med Statsbygg, for å ferdigstille bygget. NMBU arbeider for å følgje opp forventingane til større moglegheiter for samarbeid og tverrfaglegheit etter samlokaliseringa. Samarbeid er etablert og under utvikling mellom Veterinærhøgskolen og dei andre fakulteta, og NMBU ventar å sjå fleire gevinstar av dette i tida framover, både for utdannings- og forskingsaktiviteten, og i form av samarbeid med instituttsektoren elles på campus Ås. Når Veterinærhøgskolen har fått gjort seg godt kjend med fasilitetane i det nye bygget, er det venta auka sambruk og tilgang til dei nye

<sup>1</sup> Studiebarometeret brukar ein 5-delt Likert-skala der 1 er minst nøgd og 5 mest nøgd.

fasilitetane, noko som også vil kunne lette det samla presset på undervisnings- og forskingsinfrastrukturen.



Læringscenteret og Universitetsbiblioteket flytta inn i VET-bygget våren 2021, og med dette har NMBU fått ny infrastruktur som film- og podcast-studio, redigeringsrom og eit studentaktivt læringsrom. Dei nye areala har gitt biblioteket og læringscenteret betre moglegheiter for å støtte lærarar og studentar i læringsarbeidet. Det er gledeleg at resultatane frå Studentbarometeret viser ein markert auke i kor tilfredse studentane er med biblioteket og bibliotektenestene, frå 3,8 i 2019 til 4,0<sup>2</sup> i 2021.

Med det nye bygget har det også blitt gjort eit omfattande arbeid med å etablere store, flotte parkareal, som inkluderer studenthagar som alt er tekne i bruk i undervisninga.

### Studentmobilitet

NMBU har lange tradisjonar for og ambisjonar om å vere ein internasjonalt campus med høg studentmobilitet, internasjonaliserte studieprogram og ikkje minst deltaking i program innan Erasmus+ og Horisont Europa.

NMBU har ein eigen [Internasjonal handlingsplan for NMBU 2020-2023](#) som spring ut av NMBU sin strategi 2019-2023. Handlingsplanen legg tydelege føringar for dette arbeidet. Internasjonalisering av studieprogramma ved NMBU og deltaking i internasjonale program er høgt prioritert.

NMBU arbeider aktivt med å synleggjere internasjonaliseringa av kvart enkelt studieprogram. Det er viktig for NMBU å ha internasjonalt pensum og bruke internasjonale undervisarar og undervisarar som har vore internasjonalt mobile. NMBU

<sup>2</sup> Studiebarometeret brukar ein 5-delt Likert-skala der 1 er minst nøgd og 5 mest nøgd.



må bruke det internasjonale klasserommet og bruke kompetansen som studentane har med heim frå utvekslingsopphald. Samstundes er det og viktig at studentar får vere med på internasjonalt samarbeid og forskingsprosjekt.

### Inn- og utveksling

Koronapandemien var også i 2021 ei utfordring for utveksling med Erasmus+. Det var nærmare 100 studentar som skulle reise på Erasmus-utveksling våren 2021, men dei aller fleste trekte seg på grunn av pandemien, og til slutt var det berre 15 studentar som reiste. Hausten 2021 blei mykje betre. Sjølv om fleire trekte søknaden sin, var det 59 studentar som drog på Erasmus-utveksling. Etter ønske frå fakulteta har det blitt etablert fleire nye Erasmus-avtalar i 2021.

Innveksling av studentar gjennom Erasmus+ gjekk stort sett som vanleg. Av dei 172 studentane som ble tekne opp i 2021, gjennomførte 161 utvekslinga.

Sjølv om utvekslinga hausten 2021 ikkje var avgrensa til Europa, var det berre 24 studentar som drog til USA og 1 til Canada. Det var mange utfordringar med å skaffe visum både til USA og Canada, og det førte til at nokre av studentane trekte seg. I tillegg var det utfordringar med partneruniversitet som avlyste utveksling pga. smittesituasjonen.



NMBU er medlem i UArctic og North2North, og både studentar og tilsette har fått stipend til ut- og innveksling. Utvekslinga av NMBU-studentar har blitt utsett, men NMBU tok imot studentar frå Russland og USA.

NMBU deltek også i INTPART-samarbeid om utveksling av studentar innan entreprenørskap saman med UiB, UiN, Stellenbosch University og Pretoria University. Pandemien har ført til store forseinkingar i dette arbeidet.

Innan samarbeid med partnerland i det Globale Sør er det NORPART som gjeld. Frå tidlegare hadde NMBU to prosjekt som blei veldig prega av pandemien, og det blei inga fysisk utveksling. Nokre av aktivitetane vart likevel gjennomførte, og andre vil bli gjennomførte våren 2022. Det var fleire søkjarar til NORPART-utlysinga i 2021. NMBU fekk midlar til fire prosjekt og er partner i eit femte prosjekt: <https://www.nmbu.no/student/utveksling/internasjonalt-utdanningsamarbeid/norpart>

Dessutan ser vi auka interesse blant studentane for utveksling til landa som kjem inn under Panoramastrategien. Vi ser ikkje den same interessa frå dei vitenskapleg tilsette.


### Publiseringspoeng

Det endelege resultatet for publiseringspoeng vil ikkje liggje føre før 01.04.2022. Per 5. januar er det registrert 1 064 publikasjonspoeng, noko som utgjer 1,24 publikasjonspoeng per faglege årsverk og svarer til 2020. NMBU legg vekt på publisering med høg kvalitet og open tilgang til forskingsresultata. NMBU sitt publikasjonsfond vil bli avvikla i 2022, og det vil ikkje lenger verte tildelt støtte til publisering. Framover vil NMBU difor fokusere på open tilgang via opplasting av publikasjonar i kunnskapsarkivet Brage (grøn open tilgang) og publisering via dei inngåtte «Les og publiser»-avtalane.

### Horisont 2020 og Horisont EUROPA

I 2021 vart Horisont 2020 avslutta og Horisont Europa starta opp. NMBU kan vere godt nøgd med innsatsen sin i det gamle programmet og sjå framover mot det nye med optimisme. I tillegg til at resultatata i Horisont 2020 er gode, har universitetet bygd opp kompetanse og eit støtteapparat som gir eit godt grunnlag for å lukkast i det nye programmet, som byr på mange moglegheiter for NMBU.

Ved avslutninga av Horisont 2020 kan NMBU vise til 272 søknader og 38 innvilga prosjekt, som gir ein suksessrate på 14 %. Budsjettet for dei innvilga prosjekta gir eit samla bidrag frå EU til NMBU på 22,8 mill. euro. Den finansielle suksessraten på 15 % gir nest beste utteljing blant dei norske universiteta. Dei siste åra har NMBU lege blant dei 3–4 norske universiteta med høgast verdi for styringsparameter *verdien av nye kontraktar per FoU-årsverk*. Figur 1 viser fordelinga av prosjekt med NMBU-deltaking i Horisont 2020. NMBU hadde flest prosjekt i samfunnsutfordring 2, «Food security, sustainable agriculture and forestry, marine, maritime and inland water research and the bioeconomy », følgt av «Future and Emerging Technologies» og «MSCA Innovative Training Networks ».



**Figur 1.** Fordeling av prosjekt med NMBU-deltaking i Horisont 2020.

Universitetet har aldri sendt så mange søknader til EU sitt rammeprogram som i 2021. Totalt ble det sendt 47 søknader; 6 til Horisont 2020 og 41 til Horisont Europa. NMBU er koordinator for fem av multipartnersøknadene, som også er ein auke frå tidlegare år. På grunn av overgangen til det nye rammeprogrammet i 2021 kom mange av søknadsfristane seinare enn vanleg, og få søknader (28 %) er ferdig evaluerte per januar 2022. Dei forseinka prosessane for desse søknadane gjer at eventuelle søknader som blir innvilga, ikkje gir utteljing for 2021. Dette er med på å gjere at «Verdien av nye kontraktar per FoU-årsverk» blir lågare enn målsetjinga.

Godkjenninga av eit nytt koordinatorprosjekt i Horisont Europa si nysatsing European Innovation Council var eit høgdepunkt i 2021. Fakultet for kjemi, bioteknologi og matvitskap er koordinator for prosjektet NewCat (Teaching Lytic Polysaccharide Monooxygenases to do Cytochrome P450 Catalysis), som skal utvikle enzybaserte katalysatorar som dannar om enkle molekyl med hydrogen og karbon til viktige råvarer for produkt innanfor medisinsk, bioteknologisk og kjemisk industri. Forskinga skal bidra til billegare, meir energisparande og meir miljøvennlige prosessar enn dagens state-of-the-art. Det er totalt fire partnerar i prosjektet: to frå Polen og ein frå Austerrike, i tillegg til NMBU.

Universitetet har dei siste åra lagt ekstra innsats i å styrkje deltakinga i Excellence-pilaren. For å auke aktiviteten innan ERC har NMBU arbeidd for å få på plass betre og meir systematiske prosessar for kvalitetssikring av søknader og utvikling av nye kandidatar. Sjølv om NMBU berre fekk innvilga eitt ERC-prosjekt i Horisont 2020, ser vi at arbeidet har begynt å gi resultat. Trenden er at talet på søknader er stigande og at kvaliteten på søknadene (skår) aukar. Det blei sendt inn sju ERC-søknader til 2021-utlysninga. Det er ei viktig målsetjing for NMBU å få høgare tilslag på ERC-prosjekt i tida som kjem.

NMBU sende få søknader til MSCA Individual Fellowship (IF) i Horisont 2020 og har hatt eit stort potensial innafor denne prosjekttypen som ikkje vart nytta. Det vart difor starta ein MSCA IF Masterclass i 2020 som vart vidareført i 2021. Dette resulterte i ein auke frå 2–3 søknader per år til 13 og 11 søknader desse to åra. To søknader fekk tilslag i 2020, mens evalueringsprosessen for 2021-søknadene enno ikkje er avslutta. Dette er

ei svært positiv utvikling som universitetet på sikt reknar med vil føre til fleire søknader på andre område. Satsinga på MSCA Postdoctoral Fellowship masterclass vil også kvalifisere fleire til å søke ERC.

### Periodiske programevalueringar

NMBU har gjennomføring av periodiske programevalueringar som eit eige styringsparameter, som eit indirekte mål på kvalitet. Programevalueringane er eit viktig komplement til den årlege eigenevalueringa som skjer på programnivå, og bidreg med eit eksternt fagfelleblikk på kvaliteten i studietilbodet.

Denne styringsparameteren vart i sin tid vedteken for å auke merksemda og aktiviteten. Etter NMBU sitt kvalitetssikringssystem for studia skal det gjennomførast periodisk evaluering av alle program etter ein syklus på 7–10 år. Nokre år vert det gjennomført mange slike evalueringar, og andre år færre. Det sentrale er at alle programma vert evaluerte regelmessig.

Det har i fleire år vore stort trykk på gjennomføring av eksterne programevalueringar, og det er no færre program som står for tur til å bli evaluerte. I løpet av ein periode på åtte år er det no venta at alle program ved universitetet vil vere eksternt evaluerte. Tre av fakulteta har evaluert alle programma sine og arbeider med å følgje opp evalueringane, inkludert revisjonar av heile program. I tillegg aukar talet på studium som har eller som det vert arbeidd med oppnå internasjonalt akkreditering for. Veterinær- og dyrepleiarutdanningane har i fleire år vore akkrediterte gjennom EAEVE og ACOVENE. Ved Fakultet for landskap og samfunn blei Master in Global Development Studies IAC/EADI-akkreditert vinteren 2021, og eit anna program er gang med ein akkrediteringsprosess. Økonomiutdanningane ved NMBU-Handelshøgskulen er komne langt i AACSB-akkrediteringsprosessen. Ei evaluering blei slutført i 2021. Blant dei tre evalueringane som starta opp i 2021, var ei nasjonal NOKUT-evaluering av lektorutdanninga ved Fakultet for realfag og teknologi. Nokre evalueringar er noko forseinka på grunn av koronasituasjonen.

I 2022 er det planlagt oppstart av ei ny evaluering og av prosessen for re-akkreditering av veterinærutdanninga.

*NMBU skal i 2022 utarbeide ein ny strategi for universitetet. I det arbeidet vil det bl.a. inngå ein strategisk diskusjon om studieprogramporteføljen og korleis ein skal utvikle han for å sikre at studietilboda svarer til samfunnet og næringslivet sin kunnskaps- og kompetansebehov i eit livslangt, fleksibelt og desentralisert tilbod.*

Den periodiske evalueringa av ph.d.-programma ved Fakultet for biovitenskap og Fakultet for miljøvitenskap og naturforvaltning blei avslutta i 2021 med gode tilbakemeldingar og forslag til forbetringar. Fakultet for realfag og teknologi starta opp si evaluering hausten 2021 og vil ferdigstille henne våren 2022. Fakulteta samarbeider og deler erfaringane sine undervegs.

### Forskarutdanninga

NMBU si forskarutdanning held jamt høgt fagleg nivå, og dei fleste ph.d.-kandidatane rapporterer om at dei, trass i utfordringar knytte til koronapandemien, er nøgde med den faglege støtta frå, og samarbeidet med, rettleiarane. NMBU har fokus på at ph.d.-

kandidatane skal delta aktivt i forskargrupper og fagmiljø, og at den sosiale arenaen skal bli ivareteken. Resultata frå spørjeundersøkinga og rapportar frå fakulteta det siste året viser at dette bidreg til betre framdrift i ph.d.-prosjekta og avhandlingsarbeidet.

NMBU har også vore svært merksam på og brukt ressursar på utvikling av rettleiarkompetanse dei siste åra. Aktivitetane skjer i hovudsak på fakulteta, der det vert gjennomført ulike arrangement med tema knytte til rettleiarrolla. I 2021 blei det gjennomført eit eige emne i dette (PPVE400) – «Rettleiing av master- og doktorgradsstudentar». Styrkt kvalitet i rettleiinga av ph.d.-kandidatane bidreg også til å styrkje kvaliteten på avhandlingane og sikre gjennomføring. Dette arbeide vil fortsetje.

NMBU har også arbeidd med karriererettleiing for ph.d.-kandidatar. I 2021 har ph.d.-kandidatane hatt moglegheita til å delta på studentane sin næringslivsdag og karrieredag, i tillegg til at dei har hatt tilgang til karriererettleiing ved NMBU.

NMBU har ein internasjonal studentmasse, og halvparten av ph.d.-kandidatane har ein annan nasjonalitet enn norsk. Dei representerer 65 ulike land. Av dei aktive ph.d.-kandidatane i 2021 var det 60 % kvinner og 40 % menn.

#### [Framifrå forskning, utdanning og innovasjon](#)

NMBU si satsing på framifrå forskning, utdanning og innovasjon (FFUI) for berekraft starta opp i januar 2021. NMBU sine berekraftsarenaer, talentutviklingsprogrammet Forskartalent for berekraft og satsing på innovativ undervisning er alle godt i gang. Dei fem berekraftsarenaene er eit ledd i ei langsiktig satsing innan forskning, undervisning, innovasjon og formidling kopla opp mot vårt bidrag til å nå berekraftsmåla.

Berekraftsarenaene skal styrkje kompetanseutvikling og tverrfaglegheit i fagmiljøa ved NMBU over ein periode på fire år og er tematisk fokusert rundt smart landbruk, naturen sine tolegrenser, smarte og grøne byar, berekraftige lokalsamfunn og løysinga på plastproblematikken. I tillegg vidarefører NMBU satsinga på å auke generell kompetanse mellom ph.d.-studentar og vitskapleg tilsette innan prosjektleiing, presentasjonsteknikk, rettleiarkompetanse, akademisk skriving og datahandtering.



*Frå forskinga i CERAD*

### **Toppforskingssenter**

NMBU er koordinator for to senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) – [Centre for Rescue of Earth Materials and Waste in the Circular Economy](#) (Earth ResQue) og Foods of Norway (FON), eitt senter for framifrå forskning (SFF) – Centre for Environmental Radioactivity (CERAD) – og eitt forskingssenter for miljøvennleg energi (FME) – Norwegian Centre for Sustainable Bio-based Fuels and Energy (Bio4Fuels). I tillegg koordinerer NMBU ei nasjonal forskingsinfrastrukturplattform – Nasjonalt matpilotanlegg – på campus Ås. Alle sentera er viktige drivarar av framifrå forskning og innovasjon ved universitetet og trekkjer til seg dyktige studentar og forskarar frå inn- og utland.

### **Måloppnåing for sektormål 1 i 2021**

Det er gledeleg at gjennomføringa på bachelor- og masternivå aukar til trass for utfordringane under pandemien.

Det er også positivt at NMBU-studentane ifølgje Studiebarometeret framleis er blant dei mest tilfredse universitetsstudentane i landet. Organisasjonen har også i 2021 lagt ned eit omfattande arbeid for å leggje til rette for best moglege rammevilkår i nok eit år med pandemi og uvisse. Ein har trekt vekslar på erfaringa frå 2020 og vil framover nytte læringspunkt frå pandemien. I tillegg vil universitetet rette stor merksemd mot trivselen og den psykiske helsa til studentane, som blant anna SHoT-undersøkinga viser at pandemien har hatt ein negativ verknad på .

Programrapporteringa viser at kvaliteten i studia er god, og at det vert arbeidd godt og systematisk med programutvikling. Merksemd rundt gjennomføring av eksterne periodiske programevalueringar, utdanningsleing og systematikk i utviklingsarbeidet

har gitt eit løft for studia dei siste åra. Berekraft og tverrfaglegheit er førande i strategien til NMBU og står framleis høgt på agendaen for emne- og programutviklinga. Læringspunkt frå pandemien har allereie bidrege til utvikling, og ytterlegare erfaringar vil bli tekne med i det vidare arbeidet med transformasjon av utdanninga.

NMBU er nøgd med å ha greidd å halde oppe eit godt trykk på gjennomføringa av dei periodiske studieprogramevalueringane dei siste åra. Sidan ein har oppnådd evaluering av studieprogramma kvart åttande år, i tråd til kvalitetssikringssystemet til NMBU, er det ikkje nokon grunn til at NMBU ikkje skulle nå måлтаlet for evalueringar i 2021. Styringsparameteren «gjennomførte periodiske programevalueringar» kjem til å gå ut.

Utviklinga i deltakinga i EU sitt rammeprogram er positiv. Stadig fleire av forskarane er interesserte i å søkje, og kvaliteten på søknadene blir stadig betre. Fleire tek også på seg koordinatorrolla. NMBU har likevel mange unnytta moglegheiter i rammeprogrammet, og sjølv om interessa er aukande, er det framleis mange forskarar med potensial for å lukkast som ikkje søker. Overgangen til Horisont Europa og dei endringane det fører med seg vil, saman med nasjonale forventingar om auka deltaking, by på utfordringar. Tiltak for å auke interessa og medvitet om dei ulike moglegheitene er difor viktige, og med utgangspunkt i regjeringa sin nye *Strategi for norsk deltakelse i Horisont Europa og Det europeiske forskningsområdet* har NMBU starta arbeidet med å vurdere nye tiltak og tilrettelegging.



*Forskning på bruk av saltsmelter til termokjemisk konvertering av biomasse, der formålet er å produsere andre generasjons biodrivstoff.*

## Sektormål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

<b>Forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling</b>				
NMBU sine eigendefinerte styringsparametrar i kursiv				
	Resultat 2020	Resultat 2021	Mål 2021	Mål 2022
Mastergradskandidatar sysselsette i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning *	-		90 %	90 %
Bidragssinntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk	277 300 kr	335 898 kr	350 000 kr	320 000 kr
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk	209 580 kr	207 090 kr	220 000 kr	220 000 kr
Del forskingsinnsats i MNT-fag **	-		40 %	40 %
<i>Kommersialiseringar (lisensavtalar, selde patentrettar)</i>	2	2	7	7
<i>Selskapsetableringar frå tilsette og studentar - NMBU</i>	4	3	7	7

\* Undersøkinga blir gjennomført i oddetalsår \*\* Tala vert innhenta i oddetalsår og resultatet er ikkje klart for hausten 2022

### Rapportering og vurdering av resultatata på nasjonale- og eigne styringsparametrar:

#### Kandidatar i arbeid

Fakulteta rapporterer at kandidatane deira i stor grad er etterspurde på arbeidsmarknaden og får relevant arbeid, men at det er vanskelegare for kandidatar med berre bachelorgrad. Dette bildet stemmer også med resultatata frå kandidatundersøkingane som blei gjennomførte av NMBU i 2020 og NIFU i 2019. Det ligg per dags dato ikkje føre tal frå NIFU si kandidatundersøking 2021.

Karriererettleiinga på NMBU går føre seg på fakulteta og på sentralt nivå. I 2021 vart det gjennomført seminar for studierettleiarane for å gjere dei meir medvitne om karriererettleiing og sjå korleis ein på fakulteta og sentralt kan jobbe saman for å styrkje studentane sitt fokus på karriere og karrierekompetanse. Det er gjort mykje arbeid for å auke kjennskapen til NMBU sin karriereportal og gjennomført mange rettleiingstimar med studentar, kurs i CV-skriving, søknadsskriving og intervjutrening. Vidare er det eit tett samarbeid med Næringslivsutvalet for å arrangere karrieredag.

#### Bidrags- og oppdragsinntekter (NFR og EU)

Resultatet for 2021 for NFR-/RFF-inntekter per fagårsverk var kr. 335 898, og dette er litt under målet for 2021 (350 000). Det kan vere at pandemien har verka inn på søknadsaktiviteten og moglegheitene for å etablere nye nettverk, og måla som var sette for 2021, var relativt høge. Det har vore ein betydeleg vekst i NFR-/RFF-inntekter per fagårsverk frå 2020 (frå 277' til 336'), trass i pandemien.



NMBU har også fått innvilga tre større Fellesløft-prosjekt (totalbudsjett 65 millionar kroner) i dei siste dagane av desember, men det kan hende at desse inntektene ikkje er komne med i statistikken for 2021.

### Innovasjon og entreprenørskap

NMBU sitt økosystem for innovasjon og entreprenørskap inkluderer Ard Innovasjon AS (teknologioverføringskontor for NMBU og Nibio), Aggrator Inkubator Ås AS, Eik Lab – senter for studentinnovasjon og fleire ulike studentorganisasjonar som Urban lab, Start NMBU og Case Club NMBU. Til saman representerer dette eit mangfaldig og breitt spekter av tenester som arbeider med å skape verdiar med utgangspunkt i forskingsresultat og gode idear frå forskarar og studentar. NMBU har fokus på forskning og innovasjon for ei berekraftig og grøn samfunnsutvikling. Dette er ein berebjelke i alle prosjekta som blir støtta vidare mot kommersialisering.

I 2021 fekk NMBU innvilga eit toårig prosjekt med finansiering frå Viken fylkeskommune for profesjonalisering og vidareutvikling av innovasjonsøkosystemet ved campus Ås. Prosjektet fekk namnet Entreprenørskapslandsbyen Campus Ås, og det legg stor vekt på å etablere møteplassar for akademia, næringsliv og offentleg sektor og på å synleggjere dei gode innovasjonshistoriene.

NMBU er også merksam på innovasjon- og entreprenørskapskompetanse hos studentane og har blant anna eit eige masterprogram innan entreprenørskap og innovasjon, i tillegg til ei rekkje enkeltemne. I 2021 har mange emne blitt opna for eksterne deltakarar, til dømes frå næringslivet og offentleg sektor. Dette bidreg til å auke deltakarane sin innovasjonskompetanse og kjennskap til universitetet og akademia.

Entreprenørskapslandsbyen, som omfattar NMBU, Ard Innovation, Aggrator og EikLab, arrangerte *Innovasjonsdagen* i november 2021. Både interne og eksterne deltakarar var inviterte til arrangementet på campus, der det blei presentert innovasjonshistorier på tvers av innovasjonsøkosystemet. Innovasjonsdagen skal etter planen gjentakast i september 2022. Entreprenørskapslandsbyen utviklar også seminarserien *Frå forskning til innovasjon*, med 3-4 seminar planlagde per semester.

### Samarbeidet med UiO

Samarbeidet med UiO er eitt av tre punkt i NMBU sin utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet. UiO og NMBU underteikna i oktober 2018 ein intensjonsavtale («Memorandum of Understanding») om 1) Forsking, utdanning og innovasjon, 2) forskingsinfrastruktur og 3) organisatorisk samarbeid.

I 2021 sende NMBU ni søknader til Forskningsrådet om finansiering av forskingsprosjekt der UiO er samarbeidspartnar. UiO på si side sende 11 søknader med NMBU som samarbeidspartnar. NMBU fekk tilslag på ein søknad, og UiO fekk tilslag på tre søknader. Ingen av samarbeidssøknadene som NMBU/UiO sende ultimo 2020 om midlar til «forskingsinfrastruktur av nasjonal viktighet», blei innvilga i 2021. UiO sende fire søknader og NMBU to søknader.

NMBU og UiO samarbeider i fleire internasjonale prosjekt, blant anna «[CUBE](#)» (finansiert med NOK 100 mill. av Det europeiske forskningsrådet (ERC)). NMBU og UiO fekk ikkje innvilga nye felles prosjekt i EU sitt rammeprogram i 2021.

NMBU og UiO er partnarar i Digitalt Liv Norge, [DLN 2.0](#) (2021-2026). Samarbeidet omkring [NOCC Norwegian Centennial Chair](#) fortset også.

NMBU var medarrangør av Oslo Life Science Conference i februar 2021, og NMBU og UiO har i fellesskap planlagt to arrangementet under konferansen 11.-17. februar 2022: [Young Talents 2022](#) og [Smittsomt](#).

NMBU har årleg deltakarar i leiarutviklingsprogrammet ved UiO. Dessutan møtest NMBU og UiO jamleg gjennom medlemskapen i [The Life Science Cluster \(TLSC\)](#).

UiO og NMBU heldt felles dialogmøte på rektornivå i 2019 og 2020, og det skal haldast eit slikt møte igjen i 2022.

### [Samarbeidet med andre](#)

Det vart signert ein ny samarbeidsavtale mellom Nofima og NMBU i november 2020. I 2021 arrangerte NMBU i samarbeid med Nofima eit webinar om Forskningsrådet si utlysing «125 millioner til framtidens bærekraftige matsystemer». Webinare var i regi av Samarbeidsutvalet NMBU-Nofima og var ope for alle ved NMBU, Nofima, Veterinærinstituttet og NIBIO.

NMBU samarbeider mykje med NIBIO, og i 2020 blei det inngått ein samarbeidsavtale med NIBIO.

Veterinærinstituttet (VI) og NMBU har eit godt fagleg samarbeid som blir styrkt gjennom flyttinga til Campus Ås.

NMBU arrangerte i 2021 eit møte med Nofima, NIBIO og VI for å diskutere moglegheiter for vidare samarbeid.

NMBU har meir enn 100 internasjonale forskningssamarbeidsavtalar knytte til prosjekt og programfinansiering. Dei fleste er finansierte av NFR, EU, Norad/Utanriksdepartementet (inkl. via norske ambassadar) og DIKU. Universitetet har nokre bilaterale avtalar, t.d. med University of Minnesota og med University of California – Berkeley (Peder Sather-konsortiet). NMBU koordinerer tre INTPART-prosjekt (eitt nytt i 2021), tre UTFORSK-prosjekt (eitt nytt i 2021) og fire NORPART-prosjekt (alle nye i 2021). NMBU sin Internasjonal handlingsplan (2020–2023) blir følgd opp av ulike einingar.

NMBU sin kompetanse er ettertrakta i fleire utviklingsland som universitetet har samarbeid med. Mange av NMBU sine forskarar er, eller har vore, involverte i spesifikk oppdragsforskning for Norad, ambassadar eller internasjonale institusjonar også i 2021. NMBU fekk tildelt 7 prosjekt under NORHED-II (2021-2026). Oppstarten av ein ny femårig institusjonell samarbeidsperiode med to universitet i Etiopia (Mekelle og Hawassa,) som er finansiert gjennom den norske ambassaden i Etiopia, er utsett pga. den politiske situasjonen i Tigray. Ein ventar at samarbeidet vert starta opp att i 2022.

NMBU har vore medlem i det internasjonale nettverk «Scholars at Risk» sidan 2011 og sette for første gong av midlar til 1–2 SAR-gjesteforskarar i 2022.

NMBU har observatørstatus ved klima- og biodiversitetskonvensjonane til FN (UNFCCC og CBD) og blir representert av ein delegasjon som deltek aktivt på konferansane.

Vitskapeleg tilsette ved NMBU var aktive i konkurransar om NFR-prosjekt i 2021. NMBU har koordinatorrolla i 15 prosjekt som Forskingsrådet har innvilga, inkludert tre store tverrfaglege forskingsprosjekt innan Fellesløft IV, fem forskingsprosjekt for fornying, to forskingsprosjekt for unge talent med tema banebrytande forskning (tidlegare FRIPRO), eitt forskingsprosjekt for fornying med tema landbasert mat, miljø og bioressursar og fire kompetanse- og samarbeidsprosjekt. I tillegg har NMBU koordinatorrolla i to forskingsprosjekt som blir finansierte av Landbruksdirektoratet (FFL/JA).

Samarbeidet mellom NMBU og kommunar er også i stadig utvikling. Eit døme på dette er avtalen som blei inngått i 2020 med Indre Østfold kommune (IØK). Avtalen har blitt følgd opp med webinar om potensielle samarbeidsprosjekt mellom fagmiljøa ved NMBU og IØK og eit webinar mellom IØK, NMBU, NFR og næringslivet i regionen om moglegheitene for nærings-ph.d. Samarbeidet resulterte bl.a. i felles prosjekt, masteroppgåver og søknader til NFR.

NMBU sitt råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) fungerer som eit strategisk råd som skal utfordre leiinga ved NMBU og gi innspel til korleis ein kan implementere strategiane til NMBU. Rådet har åtte medlemmer, derav éin student. Seks av medlemmane er eksterne representantar frå forvaltning, næringsliv og organisasjonar. NMBU er representert ved rektor. NMBU gjennomførte eitt møte i RSA i 2021. Tema for møtet var «Kunnskapsutvikling for innovasjon og verdiskaping».

### *Måloppnåing for sektormål 2 i 2021*

NMBU er godt nøgd med at måla innanfor dette sektormålet og merkar oss at kandidatane våre er attraktive på arbeidsmarknaden. Arbeidet med ny strategi og vurdering av studieprogramporteføljen vil bidra til å utvikle utdanningane slik at dei svarer på framtidige behov i samfunnet og arbeidslivet.

Den oppdrags- og bidragsfinansierte verksemda har halde seg på eit høgt nivå, sjølv om resultatet for 2021 for NFR-/RFF-inntekter er litt under målet vårt. NMBU er framleis blant de fremste universiteta i Noreg når det gjeld å hente finansiering frå Noregs forskingsråd.

Arbeidet med nyskaping og kommersialisering er stadig i utvikling og gjennom nasjonalt og internasjonalsamarbeid og samarbeids-avtalar og prosjekt har NMBU styrka posisjonen sin innan berekraft.

### Sektormål 3: God tilgang til utdanning

<b>Kandidattal på helse- og lærarutdanningane</b>				
<i>NMBU si</i>	<i>eigendefinerte styringsparametr</i>		<i>i kursiv</i>	
	<b>Resultat 2020</b>	<b>Resultat 2021</b>	<b>Mål 2021</b>	<b>Mål 2022</b>
<b>Lærarutdanningane</b>	62	64	84	84
• PPU	47	46	64	64
• LUR	15	18	20	20
<i>Kurs og deltakarar EVU-kurs</i>	<i>62 kurs, 2517 deltakarar</i>	<i>68 kurs, 4420 deltakarar</i>	<i>Minst 60 kurs, 2200 deltakarar</i>	<i>Minst 60 kurs, 2200 deltakarar</i>
<i>Auka kjennskap til NMBU (Den nasjonale undersøkinga til Ipsos)</i>	43 %	43 %	45 %	45 %

#### *Rapportering og vurdering av resultata på nasjonale- og eigne styringsparametrar:*

##### **Lærarutdanninga**

Utviklinga for lærarutdanningane er samla sett god. Den nasjonale nedgangen i talet på søkjarar til lærarutdanningar gjeld også lektorutdanninga ved NMBU, men søkjargrunnlaget vårt er såpass solid at dette ikkje påverkar evna til å fylle studieplassane i nemneverdig grad. Dei siste åra har det vore ein auke i talet på førsteårsstudentar, og NMBU ventar difor at det dei komande åra vil vere ein jamn auke i talet uteksaminerte lektorstudentar, og at vi i 2023 vil nå kandidatmålalet på 20 studentar per år med god margin.

Talet på søkjarar til praktisk-pedagogisk utdanning har halde seg stabilt dei siste tre åra etter ein stor nedgang i 2019 etter at det blei innført masterkrav for PPU allmennfag. Dette førte til ein nedgang i talet på uteksaminerte kandidatar i 2020, men i 2021 har talet stabilisert seg på nivå med 2020. Opptaket til PPU for 2021 viser svært gode oppmøtetal for PPU yrkesfag naturbruk, men overraskande låge tal for PPU realfag. Prognosen for PPU for 2022 tilseier at talet på uteksaminerte kandidatar vil gå noko ned frå 2021-nivået, og at vi ikkje vil nå kandidatmålalet.

##### **Etter- og vidareutdanning (EVU)**

«Læring heile livet» er eit av NMBU sine innsatsområde. Våren 2021 vart det gjennomført eit pilotprosjekt for å få erfaring med å gjere den eksisterande emneporteføljen meir fleksibel og inkludere eksterne deltakarar på ordinære emne, etablere rammer og rutinar rundt slik tilpassing til læring heile livet og finne ut om ein slik fleksibel modell er økonomisk og fagleg berekraftig.

NMBU har fått tilslag på fleire søknader om midlar til utvikling av EVU-tilbod som er tilpassa behova til arbeidslivet, bl.a. digital planlegging for berekraft i samarbeid med

Norconsult, Viken fylkeskommune og Konnekt, berekraftig forretningsmodellinnovasjon med Smart Innovation Norway, iKuben og Skift, berekraftig besøksforvaltning i samarbeid med Nordland fylkeskommune og fiskehelse og vasskvalitet i lukka anlegg i samarbeid med bl.a. Åkerblå og NTNU.

Den meir tradisjonelle EVU-aktiviteten, som består av skreddarsydde kurs for arbeidslivet, har vore redusert ein god del dette studieåret på grunn av koronasituasjonen. Slike EVU-tilbod vert som regel gjennomførte som ein kombinasjon av eigenstudium og fysiske samlingar. Ein har blitt nøydd til å utsetje ein del kurs der fysiske samlingar er nødvendige, medan andre har lagt om heile eller delar av undervisninga til digitale læringsformer. Dei nettbaserte tilboda har i det store og heile fått gode tilbakemeldingar både frå deltakarane og dei fagansvarlege, og oppskalering av eksisterande og ordinære kurs ligg bak den store auken i talet på deltakarar i 2021.

Våren 2021 vart det gjennomført eit svært innovativt, nettbasert EVU-kurs i kaninmedisin for 62 veterinærar. Veterinærane fekk tilgang til eit scenario-basert undervisningsopplegg som tok i bruk spelteknologi for å trene på kliniske vurderingar. Tilbakemeldinga på denne læringsforma var svært positiv. Metodikken kan ha overføringsverdi til fleire andre fagområde.

#### NMBU sitt omdømme blir jamt sterkare

Prosentdelen potensielle studentar som har høyrte om NMBU, har auka frå 62 prosent i 2020 til 75 prosent i 2021. I næringslivet har NMBU ein sterk posisjon: Heile 92 prosent har kjennskap til NMBU. Dette viser undersøkingar retta mot potensielle studentar og næringslivet i 2021.

Vi ser at omdømmet vårt styrkjer seg år for år, og særleg ser vi auka kjennskap blant ungdom på Austlandet. Dei generelle kjennskapstala frå Ipsos ligg på 43 prosent («særst godt» og «godt» inntrykk). Det er same nivået som året før.

Den totale positive utviklinga skuldast blant anna at NMBU har framifrå forskarar som stiller opp i media og formidlar resultat frå forskinga si. Aktiv og innovativ marknadsføring gir også auka merksemd. Merkestrategiprosessen frå 2020 blei operasjonalisert i 2021. NMBU har vidareutvikla kampanjen «Tett på» i 2021 og hatt profileringskampanjar som skal vere med på å styrkje universitetet sin posisjon.

Samarbeidet med Dagens næringsliv om satsinga «Ledestjerner» vart vidareført i 2021. Vi har også samarbeidd med Nobels fredssenter om festivalen «Fix the food» i samband med at fredsprisen for 2020 vart delt ut til Verdås helseorganisasjon.

I kommunikasjons- og marknadsføringsarbeidet legg NMBU vekt på å tydeleggjere berekraftsposisjonen til NMBU. Analysar viser at studentane som søker seg til NMBU, er særleg opptekne av miljø og berekraft. Eit av tiltaka for å ta denne posisjonen er berekraftserien, som er ein serie med artiklar samla på NMBU sine nettsider og som enkeltartiklar i andre medium. I 2021 var hovudtemaet for serien «mat», og det blei produsert til saman 36 artiklar, videoar og podkastepisodar i serien [www.nmbu.no/forside/mat](http://www.nmbu.no/forside/mat).

I 2021 vart det nye intranettet teke i bruk. Det skal bidra til å styrkje den interne kommunikasjonen, samhandlinga og kulturbygginga.

Vi skal halde fram med å oppdatere oss på målgruppene sine medievanar og trendar slik at vi når flest mogleg med budskapet vår. Vi har i større grad satsa på nye medium i marknadsføringa mot potensielle studentar, og innhald er tilpassa TikTok og Snapchat. Dette arbeidet har gitt stor gevinst og vil bli vidareført i 2022. Mot eldre målgrupper har vi jobba systematisk gjennom LinkedIn. Denne kanalen har fått eit formidabelt profesjonelt løft, og vi ser stadig aukande engasjement. Fleire av aktivitetane våre har blitt digitale på grunn av pandemien, så som Open dag og universitetsturnéen, som er retta mot ungdom i den vidaregåande skulen. Vi er stolte av ambassadørane som gjer ein god jobb for å posisjonere NMBU. Vi skulle helst sendt dei rundt for å møte ungdommen ansikt til ansikt, men som hos andre universitet og høgskular har desse aktivitetane blitt digitaliserte i 2021.

Kommunikasjonsavdelinga har teke over ansvaret for alumni-arbeidet. Dette er ei viktig målgruppe å nå, både med tanke på å tilby «læring heile livet» og for å byggje omdømmet vårt, både overfor tidlegare studentar og arbeidsplassane deira.

#### *Måloppnåing for sektormål 3 i 2021*

Dei siste åra har det vore auke i talet på førsteårsstudentar i lektorutdanninga. Med denne utviklinga meiner vi at vi vil nå kandidatmåлтаlet på 20 studentar per år med god margin i 2023. Opptaket til PPU viser svært gode oppmøtetal for PPU yrkesfag naturbruk, men låge for PPU realfag. Prognosen for PPU for 2022 tilseier difor at vi ikkje vil nå kandidatmåлтаlet.

Trass i pandemien kan NMBU vise til ein auke i tilpassa tilbod om etter- og vidareutdanning, og vi har fått tilslag på fleire søknader om midlar til å utvikle EVU-tilbod tilpassa behova til arbeidslivet. Det er fleire som har meldt seg på kurs, og det er vi nøgde med.

Vi ser ei jamn styrking av omdømmet vårt år for år i tillegg til auka kjennskap, særleg blant ungdom. Den positive utviklinga skuldast blant anna at NMBU har framifrå forskarar som stiller opp i media og formidlar resultat frå forskinga si. Aktiv og innovativ marknadsføring gir også auka merksemd. NMBU har vidareutvikla studentrekrutteringskampanjen «Tett på» og hatt profileringskampanjar som skal vere med på å styrkje universitetet sin posisjon.

## Sektormål 4: Effektiv, mangfoldig og solid høgare utdanningssektor og forskingsystem

<b>Effektiv, mangfoldig og solid høgare utdanningssektor og forskingsystem</b>				
<i>NMBU sin eigendefinerte styringsparameter i kursiv</i>				
	<b>Resultat 2020</b>	<b>Resultat 2021</b>	<b>Mål 2021</b>	<b>Mål 2022</b>
Studiepoeng per fagleg årsverk	324,2	325,3	320	320
Kvinner i dosent- og professorstillinger	26,3 %	26,71 %	30 %	30 %
Mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillinger (DBH)	16,4 %	13,1 %	15 %	15 %
Administrative årsverk	20,5 %	15,8 %	20 %	20 %

### *Rapportering og vurdering av resultatata på nasjonale- og egne styringsparametrar:*

#### Studiepoeng per fagleg årsverk

Talet for studiepoeng per fagleg årsverk har auka litt frå 2020 og ligg over måлтаlet. Det ligg under snittet for universiteta og har i stor grad samanheng med eigenarten av fleire av studia våre.

#### Kvinnedelen i førstestillingar

NMBU har 26,7 % kvinnelege professorar i 2021. Arbeidet med å auke talet på kvinnelege professorar vil bli forsterka framover for å nå målet. NMBU har utarbeidd ein ny handlingsplan for perioden 2022–2025 og aukar ressursane til arbeidet med likestilling og mangfald.

#### Mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar

NMBU har hatt ein klar nedgang i delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar. Avslutninga av samlokaliseringsprosjektet er truleg den viktigaste årsaka til nedgangen. NMBU nærmar seg dermed gjennomsnittet for dei norske universiteta, som er 12,8 %. Det er også verdt å merke seg at delen mellombels administrativt tilsette har gått ned frå 11,9 % til 7,4 %, og at delen for støttestillingane har gått ned frå 13,6 % til 12 %. Den samla delen mellombels tilsette for alle stillingar har gått ned frå 13,5 % til 11,4 %. Med det ligg NMBU så vidt under snittet for dei norske universiteta. Utviklinga sidan vi rapporterte tala til DBH i november 2021 tyder på at den positive trenden ved NMBU fortset for alle stillingstypar. Dette har vore ei strategisk satsing, og NMBU vil fortsetje med å jobbe for ein vidare nedgang.

#### Effektivisering av organisasjonen, digitalisering

Arbeidet med operasjonalisering av digitaliseringsstrategien til NMBU fortsette i 2021 med gjennomføring av konkrete tiltak og vidare arbeid med handlingsplanar for digitalisering. Det vart meir påtrengjande og konkretisert i og med covid-19, der ei rekkje tiltak vart gjennomførte. I arbeidet vart det lagt vekt på å forankre digitaliseringsstrategien og digitalisering, blant anna ved å ha dette som tema i styringsdialogane med fakulteta.

NMBU sin digitaliseringsstrategi er tett kopla til sektoren sin strategi. Det vil i 2022 kome ein ny handlingsplan om digitalisering for sektoren, og denne planen vil påverke prioriteringane ved NMBU.

Nedstengingane av samfunnet i samband med koronapandemien har vist at dei tilsette ved NMBU i stor grad har tilpassa seg bruken av nye digitale løysningar. Tilgang på undervisnings- og forskingsinfrastruktur uavhengig av om ein er på campus eller ikkje, har vore viktig for at det har vore mogleg å gjennomføre NMBU sine aktivitetar på ein god måte. I denne perioden har ein fått god innsikt i område der det trengst større fokus på kompetanseheving. Disputasar vart også digitaliserte med godkjenning frå Kunnskapsdepartementet.

NMBU har fortsett innføringa av Microsoft365 som samhandlingsløysning. Fokuset har vore på å gi tilpassa opplæring, ta i bruk ny funksjonalitet og sørgje for god informasjonstryggleik.

Det vart arbeidd vidare med å kartleggje arbeidsprosessar som kan automatiserast ved hjelp av robotisering. Det er innført ein ny tenesteportal som skal gi tilsette og studentar enkel tilgang til informasjon og svar på spørsmål om administrative tenester. Bruken av tenesta skal utvidast i 2022.

#### **Fysisk infrastruktur – Helse, miljø og tryggleik (HMS)**

Koronapandemien førte også i 2021 til ein ekstraordinær innsats i heile NMBU sin organisasjon for å sikre helse og trivsel for studentar og tilsette. Mot slutten av året gjennomførte NMBU ei stor medarbeidarundersøking som 79 % av alle tilsette svarte på. Resultata skal følgjast opp i 2022.

Det har også i 2021 vore gjort ein stor innsats for å sikre helse, miljø og tryggleik i samband med flytting og at Veterinærbygningen har blitt teken i bruk.

Sjukefråværet var 3,5 % i 2021. Det er ein nedgang på 0,1 prosentpoeng frå 2020. Det var fem avviksmeldingar om personskadar som førte til sjukefråvær. Det gir ein H-verdi lik 1,67.

#### **Samlokaliseringsprosjektet**

NMBU veterinærhøgskolen har i 2021 teke i bruk dei nye bygningane på campus Ås. NMBU er nøgd med at vi no er samla på éin campus. Det står igjen noko som Statsbygg må rette opp før bygningane er fullt ut funksjonelle til sitt bruk. Det er eit sterkt ønske frå NMBU at heile universitetet skal nytte dei nye bygningane til utdanning og forskning.

#### **Måloppnåing for sektormål 4 i 2021**

NMBU har også i 2021 brukt mykje ressursar på å sikre at det nye Veterinærbygget kunne tas i bruk i fullt mon. Sjølv om alt arbeidet ikkje er ferdig og fungerer som det skal, er NMBU er nøgd med at all verksemd er flytta frå Adamstua til campus Ås.

NMBU har kome langt i arbeidet med gjennomføringa av strategien «Felles innsats for en bærekraftig framtid».



NMBU har enno ikkje nådd målet når det gjeld kvinnelege professorar, men har styrka innsatsen på dette området.

NMBU har hatt ein klar nedgang i talet på tilsette i mellombelsstillingar og vil arbeide for ein vidare nedgang.

Dei fysiske rammene for undervisning er eit område med potensielt negativ verknad på resultatutviklinga. Ved enkelte fakultet opplever vi framleis mangel på nødvendig infrastruktur – blant anna laboratoria, utdaterte lokalar og stort press på undervisningsrom og kontorplassar. Opninga av det nye Veterinærbygget i 2021 har auka tilgangen til moderne infrastruktur og undervisningsrom som på sikt skal kome heile NMBU til gode. Den planlagde oppfølginga av campusplanen vil også avhjelpe ein del av dei utfordringane vi har.

Nedstengingane av samfunnet har gitt ein ekstra dytt i arbeidet med innføring av digitale løysingar på mange område, og har vore avgjerande for at NMBU kunne gjennomføre aktivitetane sine på ein god måte. Vi vil ta med oss dei erfaringane, innsikta og den auka kompetansen i det vidare arbeidet med digitalisering.

Alt i alt er NMBU godt nøgd med måloppnåinga for dette sektormålet i 2021.



Anna rapportering:

### Status for oppfølging av utviklingsavtalen

Utviklingsavtalen mellom NMBU og Kunnskapsdepartementet (KD) har tidsperspektivet 2019–22. Avtalen har disse tre utviklingsmåla:

- 1) Tverrfaglegheit i forskning, utdanning og innovasjon for berekraft
- 2) Samarbeid mellom NMBU og UiO
- 3) Campus Ås

Dei tre områda i utviklingsavtalen vert omtala på ulike stader i rapporten. I vedlegg 1 har vi utarbeidd ei oversikt over kvar dei ulike måla er omtala.

### *Resultat og måloppnåing for midlar som er tildelte (i 2019 og 2020) over kap. 260 post 50 – Midlar til oppgradering og tilpassing av forskings- og utdanningsareal*

#### KA-bygningen

Rehabiliteringa av KA-bygningen er i full gang, og etter planen skal bygningen overtakast frå entreprenøren 06.06.22. Deretter skal han møblerast, og det skal monterast IT-utstyr. Bygningen skal etter planen takast i bruk sommaren 2022. Då vil ein ha gjennomført ei utvendig og innvendig teknisk og funksjonell oppgradering av KA-bygningen og bygd eit tilbygg med læresalar. KA-bygningen vil gi gode fasilitetar for fleire ved Fakultet for landskap og samfunn, noko som har vore eit mål for campusutviklingsarbeidet.

#### Aud-Max

Konseptfasen i prosjektet er ferdig. Ein har gjort ei nærmare undersøking av tilstanden til bygningen og sett på bygningen sin historikk, viktige antikvariske tilhøve, konstruksjonsmessige faktorar og moglege løysningar som tek omsyn til energi og miljø. Krav frå brukarar, kommunen, vernemyndigheiter, eigar og leigetakarar er kartlagde, og den vidare prosessen for medverknad er planlagd. Rådgivande arkitektar og ingeniørar er i gang med å vurdere statiske og bygningsfysiske tilhøve, og moglege løysningar blir vurderte slik at detaljprosjekteringa kan starte tidleg i 2022. Etter planen skal overtakinga finne stad i løpet av andre kvartal 2024. Det vil ikkje vere mogleg å bruke bygningen medan prosjektet blir gjennomført. Når prosjektet blir ferdig, vil det gi store forbetringar for læringsmiljøet, studentvelferda og energiforbruket, i tillegg til bevaringa av bygningen.

### *Resultat og måloppnåing for midlar som er tildelte over kap. 275 post 45– Midlar til oppgradering og tilpassing av forskings- og utdanningsareal*

#### Tårnbygningen

Arbeidet med å innhente tilbud på rehabilitering av dei freda fasadane på Tårnbygningen er i gang. Målet er å få rehabilitert to fasadar med tilhøyrande tiltak på tak i 2022 og få gjort resten av arbeidet i 2023. Verneomsyn gjer det vanskeleg å tilfredsstille dagens energikrav for fasadar. Det vert også arbeidd med prosjektering av møteplass/sosial sone i første etasje. Det vert planlagt for betre lys m.m. i lesesalen i

underetasjen, og det er sett av midlar til å betre studentane sine areal i dei øvre etasjane i Tårnbygningen.

#### Nasjonalt kompetansesenter for vann- og avløpsinfrastruktur

NMBU fekk i revidert nasjonalbudsjett for 2018 tildelt 17,5 mill. kr. til å etablere Nasjonalt kompetansesenter for vann- og avløpsinfrastruktur. Etableringa er initiert av fagmiljø og kommunal sektor med interesseorganisasjonen Norsk vann i spissen. For å etablere senteret blei det oppretta eit aksjeselskap der NMBU eig 15 %. Selskapet blei formelt etablert i desember 2019. Gjennom 2020 og 2021 har det, i regi av selskapet, blitt arbeidd med å greie ut forskjellige driftsløysingar, anleggsstruktur og ulike modellar for kven som skal ha ansvar for oppføringa av anlegget, og i tillegg til den vidare finansieringa o.a. Konklusjonen på utgreiingane er at NMBU skal eige bygget og stå som byggherre. Dette vil sikre dei statlege midlane. Ein tek sikte på å sende ut konkurransegrunnlag for ei totalentreprise for oppføring av bygg for senteret på nyåret. Det er etablert ein prosjektorganisasjon for byggjeprosjektet og ei prosjektgruppe for å planlegge utomhus trenings- og testfelt for vatn og avløp. Etter planen skal prosjektet starte i 2022.



#### Måloppnåing for byggjeprosjekt med samfunns- og effektmål

Då Stortinget vedtok startløyvinga for å bygge den nye Veterinærhøgskolen, vart det utarbeidd samfunns- og effektmål for samlokaliseringsprosjektet. Etter dialog med Kunnskapsdepartementet er det avtalt at desse måla skal vurderast i samband med utarbeiding av den nye utviklingsavtalen mellom universitetet og departementet. Vi kan då sjå dei nye bygga som ein del av verksemda og få effektmål som dekkjer det faglege samarbeidet på ein betre måte.

## IV. Styring og kontroll i verksemda

### Overordna vurdering av tilstanden for styring og kontroll i institusjonen

Tilstanden for styring og kontroll blir vurdert som god. Det er god økonomikontroll internt og det er utarbeidd reglement for økonomistyringa og gjennomgåande rutinar.

NMBU starta i 2020 eit omfattande prosjekt for å utvikle betre støttesystem og prosesser for styring og kontroll av vitenskaplege prosjekt. Det er spesielt fokus på økonomistyring på eksternt finansierte prosjekt (BOA-prosjekt), men det er like aktuelt for prosjekt som vert finansierte med egne midlar. Systemet er blitt implementert i 2021 og det er gjennomført opplæring for prosjektleiarane.

Internrevisjonen møter styret to gonger årleg, og styret vedtek kvart år ein plan for internrevisjonsverksemda. Frå våren 2021 har NMBU hatt KPMG som internrevisor. Internrevisjonen har i 2021 revidert område informasjonstryggleik. Rapporten peikar på nokre forbetningsområde, men viser i hovudsak at NMBU jobbar godt med dette fagområdet. NMBU har ein egen informasjonstryggingsleiar som i nært samarbeid med blant anna IT-avdelinga og personvernombodet har laga ein plan for oppfølging av rapporten, og dette arbeidet er i gang.

NMBU sitt rapporteringssystem er basert på avviksrapportering, og omfattar alle nivå i organisasjonen. Tertialrapporten dekkjer oppfølginga og handteringa av avvika på styringsparametrane, tildelingsbrevet og økonomi. Universitetsstyret får òg årlege rapportar om stoda på ulike område som blant anna studiekvalitet, forskarutdanning og HMS. I desse rapportane blir det gjort greie for stoda, utfordringar og tiltak som ein vil leggje vekt på i det vidare arbeidet.

### Kvalitetssikring utdanning

Arbeidet med studiekvalitet skal bidra til at NMBU når måla som er sette med utgangspunkt i strategien og læringsfilosofien til universitetet. I 2021 har det ikkje vore behov for større endringar i systemet for kvalitetssikring av utdanninga. NMBU har teke tilrådingar frå NOKUT-tilsynet i 2020 inn i det kontinuerlege kvalitetsarbeidet og det pågåande tiltaksarbeidet. Det systematiske arbeidet med å styrkje utdanningsleinga fortset.

Ny Forskrift om studiar ved NMBU (studieforskrifta) trådte i kraft 1.1.2021 etter eit større revisjonsarbeid i 2020. Detaljar om forvaltning av regelverket er tekne ut av studieforskrifta og lagde over i dei utfyllande reglane som gir rektor fullmakt til å fastsetje dei utfyllande reglane, medan Universitetsstyret framleis regulerer dei overordna føringane.

På grunn av koronasituasjonen vedtok styret 13.3.2020 ei førebels forskrift til studieforskrifta. Varigheita har blitt forlengd fleire gongar, og ho gjeld no fram til 31.7.2022.

### Handtering av covid-19-pandemien

Det vart etablert ei intern evalueringsgruppe som leverte rapporten sin i desember. Evalueringsgruppa var sett saman av representantar for studentane og dei fleste fakulteta, medrekna vernetenesta. Arbeidsgruppa konkluderte med at NMBU i all

hovudsak handterte pandemien godt. NMBU har lært av erfaringane frå tidlegare i pandemien og tilpassa seg undervegs. Dei tilsette og studentane er nøgde med informasjonen dei har fått på e-post, men ønskte seg betre nettsider, og dette blei endra ved den nye nedstenginga i desember.

Samansetjinga av beredskapsgruppa vart endra undervegs for å få ein breiare representasjon og sikre kontakten med den faglege verksemda. Dei tilsette og studentane har klart å endre arbeidsformer til ein digital kvardag på ein god måte. Læringscenteret har informert og støtta tilsette i å undervise digitalt. Det har ført til at den pedagogiske tilrettelegginga har blitt betre gjennom pandemien. Evalueringa viser at reglane bør handsamast på eit så lågt nivå som mogleg. Det er der kjennskapen til risikoen er størst, sjølv om det i nokon grad førte til at nokre av reglane blei praktiserte ulikt. Eit døme på det er vurderinga av kva som er «kritisk drift». NMBU vil i etterkant av pandemien sjå på felles forståing av uttrykk og gjere nye risikovurderingar av drifta.

Sjølv om NMBU har gjort store framsteg når det gjeld digitalisering, er det utfordringar som må løysast, blant anna ved å arbeide vidare med «hybride løysingar».

NMBU vil sjå på korleis vi skal få re-etablert det gode arbeids- og læringsmiljøet som fanst før pandemien.

### Likestilling og mangfald

Arbeidet med likestilling og mangfald er ein del av NMBU sitt strategiske arbeid og i tråd med FN sine berekraftsmål. NMBU skal vere eit universitet der alle blir verdsette og har like moglegheiter, og der organisasjonskulturen er prega av openheit, fellesskap, likestilling og mangfald.

Universitetet jobbar aktivt for å oppnå kjønnsbalanse på alle nivå i organisasjonen: blant studentane så vel som i alle grupper tilsette, råd, utval og styringsorgan.

Hausten 2021 vart det utarbeidd ein handlingsplan for perioden 2022-2025. Planen vart tek tilrådingar frå EU og dekkjer dessutan nasjonale forventingar og krav på feltet.

Det er utarbeidd ein eigen årsrapport for likestilling, mangfald og inkludering for 2021, og i den ligg resultat av ulike kartleggingsarbeid, inkludert kjønnsbalanse, lønn og ufrivillig deltid.

### Inkluderingsdugnaden

NMBU har sett i gang eit systematisk arbeid med å realisere regjeringa sin inkluderingsdugnad med mål om at minst 5 % av nyttilsette i staten skal vere menneske med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en. NMBU har i 2021 hatt 303 nyttilsetjingar, derav 2,0 % med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en. Dette er ei positiv utvikling frå 2021, då berre 0,7 % av dei nyttilsette hadde nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en. NMBU vil forsterke tiltaka ytterlegare i 2022 for å leve opp til forventingane til dugnaden. Ved utlysingar og i innstillingsarbeid er det understreka at det skal vere fokus på desse områda, og det innstillande organet må gjere greie for vurderingane i innstillinga.

## Samfunnstryggleik og beredskap (SOB) og tryggleik etter sikkerheitslova

NMBU sine ROS-analysar vert reviderte jamleg, og det vart gjennomført fleire revisjonar i 2021. Fordi trusselbiletet har endra seg noko dei siste åra, er det planlagt ein revisjon og grovanalysar av dei overordna ROS-analysane tidleg i 2022. Denne revisjonen vil gi oss betre oversikt over truslar innanfor informasjonstryggleik, IT-infrastruktur, PLIVO, pandemi og omdømme, samt truslar mot tilsette og studentar. I 2021 vart det gjort fleire tiltak for å sikre seg mot og redusere konsekvensane av eventuelle slike hendingar. Planen for barrikadering av kvart enkelt undervisningsbygg er eitt døme på slike tiltak.

NMBU legg vekt på kontinuerleg revisjon av krise- og beredskapsplanar, og den gjeldande planen er no under revisjon. Hovudelementa i planverket skildrar korleis vi organiserer oss i ein krisesituasjon på strategisk, operativt og taktisk nivå (organisasjonskart), tiltakskort og grunnlagsdokument for tryggleik som skildrar heile tryggleiksopplegget og beredskapen ved NMBU.

I perioden frå 18. november til 17. desember blei det gjennomført fire kriseøvingar. To av dei var skrivebordsøvingar på fakultetsnivå med omdømme og eksplosjon/brann som case. Den tredje var ei fullskalaøving med PLIVO som tema, og den siste var ei skrivebordsøving ved IT-avdelinga der scenariolet var eit «løypepengevirus».

Alle øvingane blei tilrettelagde og gjennomførte av eit eksternt firma. Det blir gjeve tilbakemeldingar både direkte til den eininga som øver og skriftleg til universitetet. Dei mest aktuelle og viktigaste læringspunkta i øvingane er: situasjonsvurdering, leiarrolla, varslingsrutinar, ansvar og roller, krisekommunikasjon, samordning og koordinering.

## Miljøarbeidet

NMBU arbeider kontinuerleg for å betre miljøprestasjonane, og heile verksemda vår skal spegle posisjonen som berekraftsuniversitet. Miljørådet, som skal gi faglege råd om spørsmål rundt miljøarbeidet ved universitetet, følgjer opp arbeidet. I juni 2021 var NMBU sin miljøhandlingsplan for perioden 2021–2026 klar. Planen har tydelege mål og tiltak om involvering, kommunikasjon, sirkulær økonomi, bygg, klima, energi, miljøvennleg transport og uteareal. Planen følges opp av Miljørådet. Det er jamleg dialog mellom universitetsleiinga og studentleiaren om miljøaktuelle saker.

Det vert arbeidd vidare med å optimalisere automatiseringa av infrastruktur i den nye Veterinærbygningen når det gjeld vassforbruk, fjernvarme, straum og avløp. Det er sett i gang eit arbeid med å bruke forskingsmiljøa til å sjå på potensialet for å bruke avfall frå Veterinærbygningen til straum eller oppvarming. Ved oppgradering og påbygg av KA-bygningen vert det lagt til rette for redusert energiforbruk med nye vindauge og etterisolering av fasadar og tak. I samband med rehabiliteringa av Bioteknologibygningsen er det installert solcelleanlegg på ein vegg. Prosjekt NMBU Smart Campus har fått midlar frå ENOVA og vil levere ein forprosjektrapport 31. mai 2022 med tilrådingar for å gå vidare med eit hovudprosjekt.

NMBU har fått ny avfallskontrakt i 2021. I samband med dette er det laga ein plan for ny merking av kjeldesorteringsstasjonar og fleire stasjonar. I løpet av 2022 skal vi ha på plass eit system som skal gi digital oversikt over brukte møblar på NMBU.

Koronasituasjonen gjorde at miljøaktivitetene også i 2021 vart noko redusert, men det vart gjennomført to fysiske arrangement hausten 2021. NMBU greier ut om den gamle varmesentralen kan bli eit prøveprosjekt for eit innandørs sykkelhotell.

### Gjenbruk og vidare bruk av data

NMBU har i andre halvdel av 2021 utarbeidd mandat og definert ein prosjektorganisasjon for blant anna å sikre det målretta arbeidet med «orden i eige hus». Gjennom prosjekt skal det utviklast konkrete tilrådingar for ei felles tilnærming til databehandling ved NMBU, både i form av tekniske løysingar og protokollar, arbeidsrutinar og arbeidsprosessar.

### Norsk språk

NMBU er langt unna å oppfylle krava i mållova. Difor har vi det siste året utarbeidd fleire tiltak som skal setje organisasjonen i stand til å følgje prinsippa i lova og oppfylle dei språklege rettane til studentane og andre sentrale brukarar.

I 2020 oppretta NMBU eit språkutval. NMBU har også revidert dei språkpolitiske retningslinjene. Språkutvalet har brei representasjon frå heile organisasjonen, også studentane. Eit slikt velfungerande organ for språkspørsmål er ein føresetnad for at språkarbeidet i organisasjonen skal vere godt forankra og få kontinuitet. Like viktig er det å sørgje for at retningslinjene blir omsette til felles praksis og språkkultur i organisasjonen. Dette løftet har vi starta arbeidet med i 2021.

### Lærlingar

NMBU har 11 lærlingar. Lærlingane er fordelt på faga kontor og administrasjon, industrimekanikar, byggfag, agronom, røyrleggar, hestefag, gartner og IKT. To lærlingar fullførte læretida si i 2021, og to valde å avslutte læretida. Det blei gjennomført både digitale og fysiske samlingar med lærlingane gjennom året. NMBU jobbar vidare med å få fleire lærlingar innanfor fleire fagområde.

### Nærmare omtale av vesentlege tilhøve ved styring og kontroll

NMBU har ingen revisjonsmerknader frå Riksrevisjonen.

## V. Vurdering av framtidsutsikter

### NMBU har gode føresetnader

Produksjonen har halde seg på eit høgt nivå også i 2021, sjølv om campus var stengd ned og mykje av merksemda til organisasjonen har vore retta mot flyttinga av veterinærmiljøet. Det er framleis ei positiv forventning til den framtidige utviklinga av dei resultatbaserte tildelingane. På generelt grunnlag ventar NMBU vekst i dei økonomiske rammene også i åra fram mot 2026. Oppfølging av tidlegare tildelte studieplassar og auka studie- og forskingsproduksjon vil også framover resultere i auka tildelingar etter Kunnskapsdepartementet sine budsjettindikatorar. Likevel har dei siste kuttane som blei gjennomførte i tildelingane for 2022, ført med seg stor usikkerheit rundt den framtidige organiseringa og storleiken på eventuelle kutt i kommande budsjett, og dette gjer den langsiktige planlegginga betydeleg meir komplisert.

### Økonomisk perspektiv

Midlar tildelte frå Noregs Forskningsråd (NFR) har tradisjonelt utgjort ein stabil grunnstamme i finansieringa av forskinga ved NMBU. NMBU har også i dei seinare åra hatt godt tilslag på søknader til NFR. Etter ein nedgang i aktiviteten i 2020 ser vi i 2021 ein gledeleg auke. NMBU har i fleire år hatt ambisjonar om å auke inntektene frå EU, men omsetninga har i dei seinare åra halde seg rundt 30–35 mill. kroner. I 2021 opplevde vi ei svært positiv utvikling med ei omsetning på i overkant av 44 mill. kroner, og det er venta vidare vekst i åra som kjem. Trass i pandemien opplevde NMBU i 2020 ein betydeleg auke i omsetninga i oppdragsverksemda. I 2021 ser vi at omsetninga er tilbake på normalnivået, ein stad mellom 60 og 65 mill. kroner. Resultatgraden er likevel auka til 4,0 %, og er innanfor dei måla vi har sett oss.


Universitetsstyret har, trass i kutt i tildelingane også i 2022, sikra nødvendige avsetningar til å vidareføre strategiske satsingar og følgje opp digitaliseringsstrategien, inkludert med auka midlar til blant anna digital infrastruktur. Etter fleire forseinkingar ser vi no at NMBU går inn i avslutningsfasen av oppfølgingsarbeidet knytt til det store byggjeprojektet. Når oppfølgingsorganisasjonen etter kvart går over i drift i løpet av 2022, har NMBU sidan oppstarten sett av nærmare 230 mill. kroner til dette føremålet. NMBU står no midt i oppfølginga av campusplanen og tek i utgangspunktet sikte på å bruke nærmare 600 mill. kroner av eigne midlar til dette arbeidet i perioden fram mot 2026.



### Overordna risikovurderingar

Universitetsstyret har peika på fem overordna risikoområde:

1: Økonomi, 2: Organisasjon og leiing, 3: Fokus på kjerneverksemda, 4: Gjennomføringsevne Campusplanen 5: Konsekvensar av covid-19-pandemien



#### 1. Økonomiske rammer og fridomsgradar

I risikovurderinga for 2021 vart det peika på at NMBU stod overfor stor uvisse knytt til økonomisk behov ved byggjeprojekta, forventa pukkelkostnader og flytteprosjektet, og det var sett av 36 mill. kroner til gjennomføringa av flytteprosjektet i 2021.

Veterinærbygget blir no teke i full bruk, og 2022 vil bli det første ordinære driftsåret. Det er noko usikkert korleis driftskostnadene vil utvikle seg. Byggjeprojekta i campusplanen er starta opp og er etter planen finansierte slik at det er noko redusert risiko knytt til dei.

## *2. Organisasjon og leiing*

Risiko knytt til organisasjon og leiing vart ikkje vurdert som spesielt høg i 2021. NMBU har frå 1.8.2021 fått ny rektor, nytt universitetsstyre, nye fakultetsstyre, nokre nye dekanar og nye prorektorarar frå 1.1.2022. Dette vil krevje ekstra merksemd i 2022. Vi ventar at samlokaliseringa også i 2022 både vil utfordre oss og gi nye moglegheiter til å utvikle organisasjonskulturen. Risikoen vert vurdert som noko høgare for 2022 enn 2021. I det kontinuerlege arbeidet med å implementere organisasjonsstrukturen har det vore lagt vekt på å utvikle god samhandling, organisasjonsforståing og prosedyreutvikling. God planlegging, førebuing, prosedyreutvikling, fokus på intern kommunikasjon og kulturutvikling er sentrale tiltak som det vil bli arbeidd vidare med i 2022.

## *3. Fokus på kjerneverksemda*

Risikoen knytt til at leiarmerksemd og ressursar vart flytta til dei store byggje- og omstillingsprosjekta inn mot 2021 på kostnad av kjerneverksemda, blei vurdert som middels til høg i 2021. NMBU har, trass denne risikoen, evna å halde oppe god utvikling i kjerneverksemda. Situasjonen ved Veterinærhøgskolen har vore spesielt utfordrande også i denne perioden. Vi ser at vil vere bruk for omfattande brukarmedverknad også i 2022 i samband med at dei nye bygga blir tekne i bruk. Risikoen vert vurdert å vere på nokolunde same nivå som i 2021.

## *4. Risiko for ikkje å vere i stand til å gjennomføre campusplanen*

Risikoen for å ikkje kunne gjennomføre campusplanen vil ha alvorlege konsekvensar for kjerneverksemda. Hausten 2021 blei kapasitet og ressursar prioriterte inn mot å teste og ta i bruk Veterinærbygningen. Dette arbeidet er ikkje ferdig, og det vil framleis vere ein risiko for at drift og bruk av Veterinærbygningen i 2022 vil krevje meir ressursar enn vi på det noverande tidspunktet har oversikt over. Vekst i studenttal og nye behov for undervisningsinfrastruktur vil også krevje at vi er meir merksame på korleis vi brukar og utviklar areala våre.

Aukande prisar i byggenæringa og stort behov for rehabilitering av fasadar og tak gir risiko for at det ikkje vil vere nok ressursar til andre tiltak som er lista opp i campusplanen. Risikoen i 2022 er høg fordi det er allereie no er klart at det er fleire funksjonar som må utbetrast, men som Statsbygg ikkje dekkjer av den ramma dei har tilgjengeleg. Risikoen på lengre sikt er knytt til at mogelegheitstudien for campus aust ikkje blir finansiert, og at det generelle behovet for funksjonell oppgradering på den gamle campusen kan kome til å li under det til dels store behovet for teknisk oppgradering av enkelte bygningar.

## 5. Konsekvensar av covid-19-pandemien

NMBU har enno ikkje oversikt over alle konsekvensane av koronapandemien, men den ekstra SHoT-undersøkinga som blei gjennomført i 2021, fortel oss at pandemien har hatt stor innverknad på den psykiske helsa og læringsmiljøet til studentane. Konsekvensane for studentane vil bli følgde systematisk opp gjennom ein eigen handlingsplan. Det vil også i 2022 bli arbeidd vidare med dei positive effektane av pandemien, og det vil bli utarbeidd handlingsplanar for å handtere negative konsekvensar.

### Planar

NMBU legg Kunnskapsdepartementet sitt tildelingsbrev for 2022 og langtidsplanen for forskning og høgare utdanning til grunn for planlegginga si. Kunnskapsdepartementet sin visjon er «Kunnskap og kompetanse for eit berekraftig Noreg». Til visjonen har departementet knytt tre overordna mål for høgare utdanning som alle er godt integrerte i NMBU sine planar for 2022 og den langsiktige planlegginga:

- fleire framifrå utdannings- og forskingsmiljø
- alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- fleire har relevant digital kompetanse

Samstundes med årsplanen blir det kvart år lagt fram ein langtidsprognose for perioden 2019–23. NMBU legg vekt på at dei årlege disposisjonane kan sjåast i eit mellomlangt tidsperspektiv.

NMBU sin strategi for perioden 2019–23 har ei overordna satsing med fire tilhøyrande innsatsområde. Dei er:

1. Tverrfaglegheit
2. Det digitale samfunnet
3. Læring heile livet
4. Eit samla universitet

NMBU sin visjon er «Kunnskap for livet». I strategien blir det lagt vekt på kunnskapstriangelet utdanning, forskning og innovasjon for å bidra til berekraftige løysingar.

2022 er det siste året av den gjeldande utviklingsavtalen mellom NMBU og Kunnskapsdepartementet. Utviklingsavtalen har tre utviklingsmål:

1. Tverrfagleg forskning, utdanning og innovasjon for berekraft
2. Samarbeid mellom NMBU og UiO
3. Campus Ås

Utviklingsavtalen står opp om NMBU sin strategi for perioden 2019–23. NMBU vil i 2022 arbeide fram ein ny strategi for universitet der ein vil ta omsyn til arbeidet med ein ny utviklingsavtale mellom Kunnskapsdepartementet og NMBU.

## Vedteke budsjett for 2022

<b>(mill. kroner)</b>				
<b>Budsjettenhet</b>	<b>Netto-ramme 2021</b>	<b>Netto-ramme 2022</b>	<b>Endring</b>	<b>%-vis endring</b>
Disponible midler*	1 458,9	1 461,2		
Fakulteter	827,5	827,5	0,0	0,0 %
Rektorat	5,3	5,8	0,6	10,6 %
Sentre	55,4	55,4	0,0	-0,1 %
Universitetsbiblioteket	34,3	34,8	0,6	1,6 %
Eiendomsavdelingen	-44,2	-48,2	-4,0	-9,1 %
Universitetsadministrasjonen, øvrige avd.	201,9	203,8	1,9	0,9 %
Felles poster	40,6	36,3	-4,3	-10,6 %
Rekrutteringsstillinger	133,8	136,8	2,9	2,2 %
Satsningsmidler	46,0	54,6	8,7	18,8 %
<b>Sum ramme drift</b>	<b>1 300,6</b>	<b>1 306,9</b>	<b>6,2</b>	<b>0,5 %</b>
Internhusleie, fellesarealer	30,8	31,6	0,8	2,6 %
Funksjonell og teknisk oppgradering av bygg	78,0	103,0	25,0	32,1 %
Oppfølging byggeprosjektene	36,0	8,6	-27,4	-76,1 %
<b>Sum eiendom og investeringer</b>	<b>144,8</b>	<b>143,2</b>	<b>-1,6</b>	<b>-1,1 %</b>
Rektors reserve	4,8	5,1	0,3	5,2 %
Til uforutsette kostnader	15,0	0,0	-15,0	-100,0 %
<b>Sum reserver</b>	<b>19,8</b>	<b>5,1</b>	<b>-14,7</b>	<b>-74,4 %</b>
